



Tordis minnast julebrødet

Tordis Myklebust er 76, men framleis er ho ein av dei sprekaste i bygda, det viser ho med sine daglege fjellturar. Det er berre såvidt ho har tid til å sitta ned og minnast og då ho gjer det fortel ho om store julebrød på Neset og Flatholm. Ho budde og bur på holmen.

Faren til Tordis, som heitte Nils, jobba som mange andre på hermetikkfabrikken.

Den gongen var det full jobb for heile staben også på sjølvaste juleftan og faren var ikkje heime på holmen att før langt utpå ettermiddagen. Men etter at han hadde fått på seg finklede, bar det attende over på 'fastlandet'. No skulle han ynskje systrene Kaia og Marta ei GOD JUL og han skulle innom broren Odd og ynskje han det same.

Broren var bakar og Nils kom ikkje tomhendt over på holmen att. Han hadde kvart år med seg eit kjempestort julebrød som julegåve frå Odd. Mor Anna var sjølv sagt like glad som resten av familien for den fine gåva og i alle år sidan har julebrødet til Odd vore omtala i familiekrinsen.

- Det var eit topp-punkt i julefeiringa vår, seier Tordis og set kursen til fjells.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen